



Oktobe 2018

Skal avklare rolle og ansvar for stadleg leiar

Stadleg leiing ved Nordfjord sjukehus og Lærdal sjukehus har no fungert i høvesvis tre og to år. Eit prosjekt skal i haust vurdere om leiarmodellen fungerer godt nok, eller om det er behov for å endre eller justere denne funksjonen. Målet med prosjektet er å sikre at dei stadlege leiarane ved lokalsjukehusa har ei tydeleg rolle og avklart ansvar i Helse Førde HF sin leiarstruktur.



«I dette ligg at vi må vurdere om det er behov for å endre på dagens modell, og i så fall tilrå ein framtidig modell og kva konsekvensar ei eventuell endring vil få», seier utviklingsdirektør i Helse Førde HF og leiar for prosjektet, Anne Kristin Kleiven (Sjå biletene over).

Nordfjord sjukehus var i 2011 til 2013 gjenstand for utviklingsprosjektet «*Framtidas lokalsjukehus Nordfjord sjukehus*» som blei gjennomført av Helse Vest RHF. I kjølvatnet av dette blei det oppretta stillingar som stadlege leiarar ved lokalsjukehusa, først på Nordfjordeid og sidan i Lærdal. Seinare kom det også nasjonale føringar om at sjukehus skal ha stadleg leiing.

Det har heile tida vore føresetnaden å gjennomføre evalueringa som no er på gang.

Prosjektgruppa har deltararar frå ulike delar av helseføretaket, tillitsvald og verneteneste og representant for kommunane. Prosjektet skal vurdere korleis stadleg leiing skal fungere i den samla leiarmodellen i Helse Førde HF. Prosjektet vil innhente synspunkt frå leiarar, tillitsvalde og vernetenesta ved lokalsjukehusa, og frå kommunane.

Prosjektet skal forhalde seg til dei føringane og intensjonane som ligg bak opprettninga av stadleg leiing ved sjukehus, eit vedtak gjort av det regionale helseføretaket, og som er fastslått i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Til slutt skal prosjektet levere si innstilling til Helse Førde HF sitt utviklingsprogram «*Program pasientens helseteneste*». Prosjektet er planlagt avslutta innan 31.12.2018, og den endelege avgjerda vil bli fatta på overordna nivå.

Tone Holvik konstituert som samhandlingssjef

Stig Igland slutta som samhandlingssjef i Helse Førde HF 1. oktober 2018. Han har sidan september 2016 hatt ei kombinert stilling som samhandlingssjef, og avdelingssjef for dei fire seksjonane knytt til avdelinga Samhandling og tverrprofesjonelle tenester i Medisinsk Klinikk. Igland held fram i funksjonen som avdelingssjef.

Stillinga som samhandlingssjef har vore lyst ut, men det blir ikkje tilsett i stillinga no. Bakgrunnen er at ein ser på interne løysingar som kan ivareta organisasjonsmessige behov, og dei utfordringane som ligg framfor helseføretaket på dette området. Stadleg leiar for Nordfjord sjukehus Tone Holvik, er konstituert som samhandlingssjef og ivaretak begge dei nevnte funksjonane fram til nyttår.



Foto: Oddleiv Apneseth

Ny studie om tverrfagleg samarbeid i primærhelsetjenesta




Foto: Colourbox

Kva kjenneteiknar tverrfagleg samarbeid i primærhelsetjenesta i Norge ? Kva fremjar det tverrfaglege samarbeidet, og kva kan vere utfordringane ? Dette er sentrale spørsmål som ein fersk litteraturstudie freistar å kaste lys over.

Ein konkluderar i artikkelen med at etablering av lokale tverrfaglege team, og kompetanseutvikling knytt til samarbeid og kommunikasjon bidrar til å fremje tverrfagleg samarbeid i primærhelsetjenesta. Artikkelforfattaren oppfordrar sterkt til meir forskning på området. **Nyskjerrig ?** Les meir på Nasjonal kompetansetjeneste for læring og mestring innen helse (NK LMH) sine [nettsider](#).

Samhandlar om helsepedagogisk kompetanseoverføring

Lærings- og mestringstilbod skal vere med å bidra til at menneske med med funksjonshemmingar/helseutfordringar, og deira pårørande betre kan meistre livet og auke livskvaliteten. Det er derfor eit mål at opplæring blir ein del behandlingsforløpet.

Bruk av ulike helsepedagogiske virkemiddel kan vere ei relevant tilnærming for å sikre god opplæring. Det kan handle om å vektlegge brukermedverknad ved å sidestille brukar erfaring og fagkunnskap. Alle kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF har gått saman om å lage delavtalen [«Samarbeid om lærings- og mestringstilbod»](#). I avtalen har ein mellom anna blitt samde om å samhandle om gjensidig kompetansebygging og kompetanseoverføring.

Med bakgrunn i delavtalen arrangerte [Lærings- og mestringssenteret](#) i Helse Førde HF i september helsepedagogisk samling for deltakarar frå både frå sjukehusa og



communehelsetjenesta. Dei 22 deltakarane kom frå mange ulike yrkesgrupper/instansar/funksjonar: lege, sjukepleiarar, fysiotapeut, ergoterapeut, sosionom, konsulent i NAV, folkehelsekoordinator og tilsette i frisklivssentralar. Tilbakemeldingane var knytt til at kurset var inspirerande, og at ein fikk lære å nytte konkrete verty som ein kunne ha nytte av i sitt daglege virke.

Fotografi: Kari Esaiassen



Samhandlingskonferansen 2019

Samhandlingskonferansen 2019 i Sogn og Fjordane går av stabelen 3. og 4. april 2019 på Skei i Jølster, og er basert på eit samarbeid mellom dei store offentlege organisasjonane i fylket.

Tema for neste års konferanse er «*Framtidas pasient/Den moderne helsearbeidaren*». Endelig program vil bli klart i desember. Inntil då er programkomiteén løyndomsfulle, men røpar allereie no at her vil det bli mange «godbitar».

Erfaringsmessig samlar ein om lag 200 deltakarar på kvar av konferansedagane. **Dette kan du ikkje gå glipp av, så sett av tida, og reserver datoën i kalendaren din allereie no !**